

Penis og klitoris – er dei egentleg så ulike?

Det kan kanskje vere overraskande, men det er mange likskapar mellom penis og klitoris. Dei har begge ein glans, som ofte er ekstra sensitiv, fordi det er svært mange nervar sentrerte på ein liten plass. Vidare består både vulva og penis av svampekamar. Dei kan fyllast med blod, og det er derfor dei svulmar opp. Vi kan ikkje sjå dette like godt på ein vulva som på ein penis, fordi svampekamen i vulvaen stort sett er på innsida, men vulva både svulmar opp og endrar farge når ein blir opphissa. Fargen kan også variere på penis når han blir hard. Fargen på både penis og vulva kan generelt også variere – alt etter syklus, alder eller miljøfaktorar (for eksempel når det er kaldt eller varmt vêt). At penis og vulva kan svulme opp når vi blir opphissa, betyr ikkje alltid at vi nødvendigvis har lyst på verken seksuelle handlingar eller sex.

Litt meir om penis

Når penis svulmar opp, kallar vi det ereksjon. Ereksjon er når det strøymer mykje blod til penis, slik at han står eller blir hard. Ordet penis betyr heile penis, og pung – eller ballar – kjem i tillegg. Pungen heng gjerne litt under skaftet på penis. Mange penisar har ei forhud, eit hudlag utanpå penis som kan dragast opp og ned. Somme penisar er omskorne; dette betyr at forhuda er fjerna. Dette blir gjerne gjort på grunn av religion eller kultur, og er vanleg i mange land over heile verda.

Dei med penis oppnår gjerne orgasme ved rørsle opp og ned på penis. Denne rørsla kan gjerast med hender, med munnen eller ved penetrering. Dei med penis kan oppnå orgasme ved at prostatakjertelen, som ligg ved endetarmen, blir stimulert. Dette kan gjerast med fingrane, penis eller sexleiketøy.

Litt meir om vulva

Vulva er eit ord som skildrar dei ytre kjønnsleppene, indre kjønnsleppene, klitoris og skjedeinngangen. Mange seier vagina i staden for vulva.

Kjønnsorganet er både utanpå og inni kroppane våre.

Når dei med vulva blir opphissa eller kåte, får dei også ereksjon. Vulva har, som du no veit, ein klitoris. Klitoris er ein tapp, eller ein liten hatt, som gjerne sit øvst på vulva, og er den delen av kjønnsorganet som sit nærast navlen. Når ein person med vulva blir kåt, så strøymer det blod til klitoris, og han blir hardare, akkurat som penis. I tillegg kjem det eit naturleg glidemiddel til og ut av skjeden, det kallar vi gjerne «å bli våt».

Veldig mange menneske trur at alle med vulva får orgasme ved penetrering med for eksempel penis eller ein dildo inn i skjeden. Det er faktisk berre om lag 25–30 prosent av personar med vulva som kan oppnå orgasme ved penetrering. Dette vil seie at dei med vulva ofte treng andre ting enn penetrasjon for å få orgasme. Det er fleire måtar dei med vulva kan nyte på, men det er kanskje viktigast å fokusere på klitoris. Klitoris kan stimulerast ved oralsex, med tunge, fingrar eller sexleiketøy som vibrator, og dersom ein gnir behageleg på klitoris, kan dei fleste med vulva få orgasme. Kjønnsleppene er også svært sensitive, og mange kan få ein endå deiligare orgasme når det blir fokusert på dei. Men sidan klitoris er såpass viktig, er det lurt å vite kvar han er.

Somme personar med vulva har opplevd kjønnslemlesting: at heile eller delar av klitoris eller indre kjønnslepper blir fjerna. Å kjønnslemleste vulva er ulovleg mange stader i verda. Dei som har opplevd dette og har problem knytt til det, kan få hjelp av lege.

Kåtskap, samtykke og orgasme

Når du blir kåt, kjenner du nok at det kitlar i penis eller vulva, og du får kanskje ein trong til å ta på deg sjølv. Dette er ein fin ting å gjere åleine eller saman med ein person du kjenner at du vil gjere det med. Før du gjer noko med kroppen til ein annan person, må du ha samtykke, og for å vite at du vil ha sex, må du vere sikker på at du kjenner deg trygg, og at du og heile kroppen din fortel deg at det er noko du har lyst til.

Når du både har gitt og fått samtykke, så kan du og partnaren din ha sex og oppleve nyting eller oppnå orgasme saman. Orgasme er eit ord for ei samantrekning av musklane i og rundt kjønnsorganet som gjer at vi får ein deilig følelse. Vi tenkjer gjerne at orgasme er heile poenget med sex, men alt rundt sex kan vere deilig, og ein må ikkje få orgasme for at det skal vere sex, eller for at ein skal kose seg. Alt rundt sex skal vere deilig og hyggeleg – og aller viktigast: trygt.